

Vinje ville føre det norske språket fram til seier i kampen mot dansk. Han vart ein pioner for nynorsken.

Vinje og det norske språket

KRONIKK I AVISA KLASSEKAMPEN 30.07.2020

Rolf Theil, medlem av Hadeland dialekt- og mållag



FYRSTE NORSKE AVIS: At Norske Intelligenz-Seddeler var fyrste avisa som kom ut i Noreg, veit me alle, men den avisa var skriven på dansk. Då Vinje gav ut fyrste nummeret av Dølen 10. oktober 1858, kom det for fyrste gong ut ei avis skriven på norsk, skriv Rolf Theil. PORTRETT: AASMUND OLAVSSON VINJE (..) AV JOHAN NORDHAGEN 8FAKSIMILE: DØLEN 20. OKTOBER 1858

I dag er det 150 år sidan Aasmund Olavsson Vinje døydde. Om morgonen 30. juli 1870 blei han funnen død i senga på garden Sjo i Gran, hos venen prost Anton Christian Bang. Han ligg gravlagd ved Systerkyrkjene på Granavollen, der Hadeland dialekt- og mållag kvart år på 17. mai legg ned ein krans frå kommunane Vinje og Gran, etter at ein innbeden gjest har halde den årlege Vinje-talen. I kveld har òg laget tilskipingar i Systerkyrkjene til minne om Vinje (sjå hadeland-dml.no/hendingar).

Eg må få koma med eit lita tilståing. Det var fyrst i 1972 det gjekk opp for meg kor vakkert diktet «Den dag kjem aldri» verkeleg er. Det året kom tromsøgutane Torbjørn Willassen (Tobben) og Jan Ero Olsen (Ero) med debutalbumet sitt, «Fordums frukter, friske frø», og fyrste sporet på plata var dette diktet som Vinje offentleggjorde i Dølen 17. juni 1866 – det venaste norske kjærleiksdiktet gjennom tidene. Melodien til Tobben surrar endå rundt i hovudet mitt.

Men det er ikkje fyrst og fremst poeten Vinje som er mitt ærend. Kven har ikkje høyrte at nynorsk er vakkert i dikt – men fri oss frå daglegspråket. Då Vetle Vislie gav ut ein Vinje-biografi i 1890, skreiv han at «millom Maalmennerne finst der enno mange, som berre vil hava Juringdikting, Salmar og Sogur paa Maalet». På neste side legg han til at «Vinje var den, som i mangt og mykje braut med den idylliske Retning i Maalmanns-Ringen».

Vinje nytta det nye skriftspråket – det fyrste norske skriftspråket på 300 år – til å skriva journalistikk. «Det er no vistnok Eit og Annat med Landets Styr og Stell, som burde vera anderleides», skreiv han i fyrste nummeret av bladet Dølen, 10. oktober 1858.

Vinje byrja å skriva på norsk dette året – 1858 – ved å taka i bruk det moderne norske skriftspråket som Ivar Aasen hadde lagt fram i «Det norske Folkesprogs Grammatik» (1848), «Ordbog over det norske Folkesprog» (1850) og «Prøver af Landsmaalet i Norge» (1853). Alt i 1852 hadde han gjesta Aasen, og i 1864 fortel han at «jeg stod saa nær Ivar Aasen, uden hvis Klarhed og Lærdom sandsynligvis heller ikke jeg vilde være kommen ud af den almindelige chaotiske Tilstand».

Det var eit skriftspråk tufta på talemålet til den norske allmugen. Som Tove Bull skriv i artikkelen om Aasen i Store norske leksikon: «Såleis er normeringsgrunlaget for nynorsk skriftspråk eit heilt anna enn for dei fleste andre skriftspråk, som gjerne blir normerte og standardiserte i samsvar med talemålet til ein sosial og økonomisk elite.»

«Det var eit skriftspråk tufta på talemålet til den norske allmugen.»

Noreg på 1800-talet var fleirspråkleg. På Vinjes tid hadde me ikkje berre skoltesamisk, nordsamisk, lulesamisk, pitesamisk, umesamisk, sørsamisk, kvensk, skogfinsk, rodi, romani og jiddisk, men òg dansk og norsk. På slutten av 1700-talet hadde byborgarskapen byrja å tala dansk – ei medviten aping etter borgarmålet i København. Norsk språk overlevde som eit folkemål. Dei «kondisjonerte» møtte sitt eige språk på skulen, allmugen fekk lese- og skriveopplæring på eit framandt mål. Skilnadene på dansk og norsk var store, og det ser ikkje me som er omgjevne av bokmålet, eit språk i den dansk-norske tradisjonen.

Då Aasen hadde gjeve ut «Prøver af Landsmaalet i Norge» (1853), fanst det berre 360 prenta sider på moderne norsk – alt frå Aasens hand, og alt var vel det Vislie ville kalla «Juringdikting, Salmar og Sogur». Eit tiår seinare hadde òg tre andre gjeve ut tekstar på norsk. Fyrst ute var Bernhardine Catharine Brun (1815–1879), ei guvernante frå Fjelberg i Sunnhordland, som i 1857 gav ut

diktsamlinga «Nogle Decemberfrembringelser i Landsmaalet fra det sydligste Søndhordland». Den siste av dei tre var òg ei kvinne, Aasta Hansteen (1824–1908), målarer, forfattaren og kvinnesaks pioneren frå Christiania, som i 1862 gav ut Skrift og Umskrift i Landsmaalet, med eigne dikt og omsetjingar til norsk av prosa og dikt frå dei danskspråklege forfattarane Bjørnstjerne Bjørnson, Peter Christiansen Asbjørnsen, Jørgen Moe, Andreas Munch, Johan Sebastian Welhaven og Henrik Wergeland.

Då Vinje døydde i 1870, hadde han auka talet på prenta norske tekstar med 5000 sider – mellom anna åtte årgangar av bladet Dølen (1858–1870), boka «Ferdaminni fraa Sumaren 1860» (1861) og diktsamlinga «Storegut» (1866). At Norske Intelligenz-Seddeler, med fyrste nummer 25. mai 1763, var fyrste avisa som kom ut i Noreg, veit me alle, men den avisa var skriven på dansk, som alt anna i Noreg på den tida. Då Vinje gav ut fyrste nummeret av Dølen 10. oktober 1858, kom det for fyrste gong ut ei avis skriven på norsk.

Frå fyrste stund blei det nye norske skriftspråket møtt med sosial nedvurdering. Jon Haarberg (1985) fortel at store delar av hovudstadspressa såg det som ein provokasjon å skriva anna enn dikt og soger på folkemålet. Somme meinte Dølen burde døypast om til «Pipervikingen» – dei meinte språket i Dølen likna dialekten i det fattige slumområdet mellom «Storthingsgaden» og fjorden – det noverande rådhusstrok i Oslo.

Alt dagen etter at fyrste nummeret av Dølen kom ut, skreiv filosofiprofessor Marcus Jacob Monrad i Morgenbladet om språket i Dølen: «Det er kun en ringe Kreds af Stoffer og Former der egner sig til at behandles i dette Sprog; det er efter sin Natur bundet til Særegenhed og ikke frigjort til sand Almindelighed. [...] Men tænke sig at Almuesproget skulde blive Nationens almindelige og almengyldige literære Meddelelsmiddel, det Middel, hvorigjennem den tilegner sig og udvikler alle højere Kultur-Elementer, er et Sværmeri, der staar i Strid med alle Kulturudviklingens Love.»

Ettertida gav ikkje filosofen rett. 12. desember same året skreiv forresten Vinje eit brev til syskenbarnet sitt, der han, vel noko skjemtande – han var ikkje Vinje elles – seier: «Nu er jeg kommen did, jeg vilde: nu fører jeg Krig mod Aarhunder og Landets største Mænd, og jeg skal føre Sproget frem til Seier og mig til Udødelighed.»

rolftheil@me.com

Litt litteratur om Vinje

Haarberg, Jon 1985. *Vinje på vrangen. Momenter til en revurdering av en nasjonal klassiker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Langslet, Lars Roar og Jon H. Rydne (red.) 1993. *Villmann, vismann og veiviser. En essaysamling om A. O. Vinje*. Oslo: Cappelen.

Midttun, Olav 1960. *A. O. Vinje*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Sørbo, Jan Inge 2018. *Nynorsk litteraturhistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Vesaas, Olav 2001. *A. O. Vinje. Ein tankens hærmann*. Oslo: Cappelen.

Vislie, Vetle 1890. *A. O. Vinje*. Bergen: Boklaget.

Nettartiklar

Haarberg, Jon. *Aasmund Olavsson Vinje*. snl.no

Sandberg, Kristian Lødemel. *Aasmund Olavsson Vinje*. allkunne.no